



Tessy og Herman Gutert frå Konstanz kosar seg i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det ustadige juliveret har hatt stor innverknad på turist-trafikken, ikkje minst til sjøs. Hamnevert for Uskedal Båtlag Leon Gundersen opplyser til uskedal.no at det inntil måndag føremiddag hadde vore 250 båt-overnattningar i juli medan talet i fjor på samme tid var 310. Men han har samstundes inntrykk av at det er eit større innslag av utlendingar enn tidlegare. Det gjeld framfor alt tyskarar og hollendarar.**

Tidlegare hamnesjef for Øyro Marina, Egil Høgemark, har det same hovud-inntrykket – det er mindre trafikk enn i fjor no i juli.

- Men eg er imponert over dei som likevel kjem, seier han og tenkjer ikkje minst på ein vennegjeng frå Stavanger som har gjort seg bemerkta i hamna i det siste. Dei har trossa ublide vergudar og hatt det skikkeleg artig likevel med originale klede og diverse ablegøyar.

Høgemark har også vore innom båthamna på Husnes (best i landet i fleire år) og han fekk inntrykk av at det var relativt stille også der.

Gundersen legg imidlertid til at juni var lovande for Uskedal Båtlag, ikkje minst fordi veret då var svært mykje betre. I den månaden var det 103 båtar innom medan talet for same månaden i fjor var 80. Med andre ord var det ein auke på 25 prosent.

Måndag føremiddag kunne uskedalen.no i tråd med observasjonane til Gundersen registrera at det var to tyske og ein nederlandsk båt i dei to hamnane i Uskedalen.

Tyskarane i Uskedal Båtlag sin hamn var frå Konstanz ved Bodensjøen – altså eigentleg typiske innlandbuarar. Tidlegare har dei boltra seg med seglbåten sin på den sju mil lange sjøen på grensen til Sveits, men no har dei båten stasjonert i nærleiken av Kiel. Dei har vore i Noreg to gonger tidlegare, men dette er første gongen dei gjer

25.10.2020

Uskedal Utvikling

det på eigen kjøp og så langt har dei svært gode erfaringar frå sjølivet i dei norske fjordane..

- Her er det fredeleg og godt, sa Tessy og Herman då dei kosa seg i sola i Uskedalen måndag føremiddag.

Av Ola Matti Mathisen